

Klasseromsquiz i Matematikk

Stimulans til diskusjon og samarbeidslæring i matematikk

Prosjekt: P34/2017 i [Norgesuniversitetet](#).

Quiz, i ulike varianter, har vorte ein populær teknikk for å fremja aktivitet i klasserommet, men eksisterande system (t.d. Kahoot) manglar tilstrekkeleg støtte for matematikk. Målet med dette prosjektet er å innføra systematisk bruk av samarbeidslæring i to konkrete matematikkemne, ved hjelp av slike quiz-system. For å nå dette målet må me

1. Utvikla eit quiz-system som tillet matematisk notasjon i spørsmål og svar, og som legg til rette for bruk i klasserommet.
2. Utvikla spørsmålsamlingar som er egna for å skapa relevant diskusjon i klasserommet.
3. Testa ut quiz som ein drivar for diskusjon og annan samarbeidslæring i klasserommet.

Quiz-systemet vert utvikla som ein plugin i Moodle, og vil byggja på eksisterande plugins.

Det overordna målet med prosjektet er å utnytta sosiale læringsprosessar på ein måte som skalerer til klasser med fleire hundre studentar. Quizen tener direkte to formål, for det fyrste stimulerer han kvar einskild student til å ta stilling spørsmålet som vert stilt, og for det andre kan læraren identifisera tema som krev betre gjennomgang. Spørsmål der studentane gjev ulike svar er godt egna for diskusjon i små grupper, noko som er venta å gje betre læringsutbyte enn fasit frå førelesaren.

Bloggstrøm



ShortMath klar for publisering

[Hans Georg](#) posted on Sep 13, 2018

Ein ny spørsmålstype der studentane får ein matematikkeditor til å skriva matematiske formalar er omsider klar for publisering. Læraren må bruka LaTeX-kode for å uttrykka matematikk i spørsmålet, men bruken er ellers rett fram, basert på den vanlege Short Answer-spørsmålstypen. Det tek normalt fleire månader med vurdering og godkjenning før ein ny plugin dukkar opp i Moodles sitt plugin-arkiv. Inntil vidare kan interesserte brukarar finna spørsmålstypen på github: <https://github...>



Ny modul

[Hans Georg](#) posted on Jun 15, 2018

Den fyrste prototypen til ein ny modul som skal gjera det enklare for studentane å svara i form av matematiske uttrykk, er klar no i juni. Modulen har fått arbeidsnamnet mathex, og kan brukast saman med eksisterande spørsmålstypar for å gje studentane ein formeeditor (WYSIWYG - What you see is what you get) i staden for tekstfeltet. I JazzQuiz kan me bruka mathex saman med fritekstspørsmål. Svarene som kjem inn frå studentane er då koda for visning,...



JazzQuiz er publisert

[Hans Georg](#) posted on Apr 18, 2018

JazzQuiz er denne månaden publisert som modul i Moodles offisielle arkiv: sjå https://moodle.org/plugins/mod_jazzquiz Søknaden om opptak vart sendt tidleg i januar, og sidan då har JazzQuiz vore gjennom ein godkjeningsprosess for å sikra at kvaliteten er bra nok for publikasjon som eksperimentell modul. Dette er ein milepæl, der me ser at arbeidet me har gjort er godt nok til å kunna ha verdi for andre. Derimot er det slett ikkje slutten på utviklinga,...

Prosjektgruppe

- Professor [Hans Georg Schaathun](#), prosjektleiar, georg@schaathun.net
- Universitetslektor Mikael Tollefsen
- Fyrsteamanuensis Siebe van Albada
- Fyrsteamanuensis Njål Foldnes, BI Stavanger, ekstern utprøving
- Student Sebastian Gundersen, utvikling
- Student Kay Sindre Lorgen, utvikling
- Student Andreas Rekdal, utvikling

Styringsgruppe

...not have the privilege to view user profiles.

Fersk aktivitet



[Hans Georg](#)

Creating a new Quiz updated Sep 14, 2018 • [view change](#)

ShortMath klar for publisering updated Sep 13, 2018 • [view change](#)

Editing a Quiz updated Sep 13, 2018 • [view change](#)

Publishing a Quiz updated Sep 13, 2018 • [view change](#)

Reviewing a Quiz created Sep 13, 2018

Space contributors

- [Hans Georg](#) (398 days ago)
- [Sebastian Gundersen](#) (652 days ago)
- [Arne Styve](#) (961 days ago)